



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Siri Mæland, 55 57 22 00

Vår dato  
24.05.2018  
Dykkar dato  
16.02.2018

Vår referanse  
2018/1429 721.0  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## Tilskot til kommunalt rusarbeid 2018 - kapittel 765 post 62

I 2018 får Meland kommune med dette eit tilskot på kroner 1 628 000,- over kapittel 765 post 62. Ubrukt tilskot frå 2017, kr 244 488, blir trekt frå. Utbetaling for 2018 blir kr 1 383 512,-.

### Tilskotet blir gitt til:

Stilling/årsverk	Status	Søknadssum	Tildeling/avslag
1,6 stilling, miljøterapeut	Vidareføring år 3	Kr. 880 000	Kr. 704 000
1,4 stilling, miljøterapeut	Ny	Kr. 924 000	Kr. 924 000

I tildelt beløp inngår kr. 10 000 per stilling til kompetanseutvikling.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på avgjerda eller vilkåra i dette brevet.

### Nye reglar for utrekning av tilskot og overgangsreglar frå og med 2017

Føremålet med tilskotet er å bidra til kapasitetsvekst ved å gi midlar til stillingar som kommunen på sikt skal finansiere.

Vi gjer merksam på at kommunen kan søkje om tilskot til dei vidareførte stillingane i til saman 4 år, men tilskotet blir avkorta kvart år, jf. dei nye reglane for utrekning av tilskot.

### Bruk av midlane i 2018

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

### Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)

- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg. Ver venleg å fylle ut og sende stadfesting til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) snarast.

### Ubrukte midlar

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 62 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukne midlar innan 30. november 2018. Føresetnaden for godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Ubrukte midlar i 2018 blir trekt frå neste års tildeling av tilskot dersom tilskotet kan vidareførast.

### Rapportering

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet.

Kommunen skal rapportere til oss innan **1. februar 2019** i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) og [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd).

Økonomiansvarleg i kommunen, eller annan person med tilsvarende mynde, skal pr 31. desember 2018 kontrollere at tilskotsmidlane er brukt etter dei spesifiserte kriteria i tilskotsbrevet. Kommunen skal innan **1. februar 2019** sende rekneskapsrapport per 31. desember 2017 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) og [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd).

Det er ikkje lenger eit krav at rapporten er revisorattestert.

### Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Siri Mæland  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Stadfestingsskjema  
Regelverk

Kopi med vedlegg til:

Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 Frekhaug